



Også sendt pr. fax 22.24.9568

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep

0033 OSLO

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
041/944-188	
DATO - 2 MARS 2005	
AN 521	EKSP.

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 05/150-2
Journalpostid: 05/857Saksh: Anne Maria Langeland
Telefon: 53 67 35 04Arkivkode: K2-S10
Dato: 28.02.2005**Høyring - NOU: 26 Heimfall**

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

**28.02.2005 Eidfjord kommunestyre
Handsaming:****Røysting:**

Samrøystes som framlegg til vedtak.

KST-011/05 Vedtak:


Eidfjord kommune sitt syn kan oppsummerast i fylgjande konklusjonar:

- Heimfallsaka gjeld eigarskapet til vasskraftsektoren, og saka vedkjem vitale verdier og interesser for det norske samfunn både i dag og for våre etterkomarar
- Eit stort og spreidd offentleg eigarskap har stor eigenverdi, og nye heimfallsreglar må utformast slik at dei stimulerer til framleis offentleg eigarskap
- Fleirtalet sitt framlegg gjev insentiv til snarleg sal av offentlege eigarandelar. Framlegget tek korkje i vare dei nasjonale interesse som føreligg, eller omsynet til dei kommunale og fylkeskommunale eigarane som framleis ønskjer eigarskap
- Mindretalet sitt framlegg gjev ein rimeleg balanse mellom omsynet til offentleg eigarskap på kort og lang sikt, og omsynet til effektiv ressursbruk og naudsynte omstruktureringar. Kommunen støttar mindretalet sitt framlegg og syner til dei grunngevingar som er gjevne i mindretalsmerknaden
- Den norske stat må føreta ei avklaring av EØS-avtalen si betydning for framtidige konsesjons- og heimfallsreglar
- Saka bør ikkje fremjast for Stortinget for endeleg behandling før grundigare konsekvensutgreiingar føreligg

Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Eidfjord kommune	Org.nr:	944 227 121	Telefon:	53 67 35 00
Simadalsvegen 1	Bankgiro:	3450.19.60006	Telefaks:	53 67 35 75
5783 Eidfjord	Innbetaling skatt:	7855.05.12326	Epost:	postmottak@eidfjord.kommune.no

Med venleg helsing
Eidfjord kommune


Anne-Maria Langeland
ass.rådmann

Kopi til arkiv og kopibok